

Nielsen, Anne Jorun

**Intonasjon i Norsk som framandspråk – tyske studentars realisasjon av intonasjon i Norsk : ei samanfatning**

*Brünnner Beiträge zur Germanistik und Nordistik.* 2016, vol. 30, iss. 1, pp. 105-119

ISSN 1803-7380 (print); ISSN 2336-4408 (online)

Stable URL (DOI): <https://doi.org/10.5817/BBGN2016-1-9>

Stable URL (handle): <https://hdl.handle.net/11222.digilib/135977>

Access Date: 28. 11. 2024

Version: 20220831

Terms of use: Digital Library of the Faculty of Arts, Masaryk University provides access to digitized documents strictly for personal use, unless otherwise specified.

# **Intonasjon i Norsk som framandspråk – tyske studentars realisasjon av intonasjon i Norsk : ei samanfatning<sup>1</sup>**

## **Intonation in Norwegian As a Foreign language – German Students' Realization of Intonation Patterns in Norwegian: A Summary**

Anne Jorun Nielsen

### **Abstract**

The paper presents a summary of my master thesis from 2012. It is a study of the intonation of German students studying Norwegian as a foreign language. The goal was to present the intonation patterns of the students participating, to compare the findings, and to say something about how their intonation corresponds with the Norwegian system.

### **Keywords**

intonation, Norwegian as a foreign language, German

---

1 Store delar av teksten er direkte attgjeving av masteroppgåva.

## 1. Innleiing

Masteroppgåva *Intonasjon i norsk som framandspråk – tyske studentars realisasjon av intonasjon i norsk* vart skriven som ein del av mastergradsprogrammet i nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Agder i 2012. Målet med oppgåva var, med utgangspunkt i innsamla datamateriale frå informantar ved Humboldt Universität zu Berlin, å skildra kva tyske studentar som studerer norsk som framandspråk, gjer på det melodiske planet når dei snakkar norsk. Forskingsspørsmåla for oppgåva var:

1. *Kva slags intonasjonskonturar produserer tyske studentar i møte med norsk?*
2. *Finst det nokon sams trekk ved intonasjonskonturane i materialet til den einskilde informanten eller på tvers av informantane?*
3. *Korleis samsvarar det dei gjer med det norske systemet slik det faktisk er?*

Hovudfokuset for oppgåva låg på sjølve beskrivinga av intonasjonen til dei tyske studentane, men i drøftingsdelen kom eg òg inn på kva for faktorar som kan ha hatt innverknad på intonasjonen til informantane. I denne artikkelen vil eg presentera ein kortversjon av den teoretiske bakgrunnen for oppgåva, val av informantar og testmateriale, og arbeidet med analysen av materialet. Deretter vil eg presentera store delar av analysen av materialet til ein av informantane. Eg har valt å presentera materialet til informant 1 fordi dette materialet gjer eit innblikk i eit av funna som var uventa ved undersøkinga, i tillegg til at det syner fleire av dei øvrige resultatata. For å setja analysen av materialet til informant 1 inn i ein større samanheng, har eg valt å skissera korleis funna i denne oppgåva skil seg frå funna i materialet til dei andre informantane. I tillegg vil eg koma med forslag til kva variasjonen i intonasjonen til dei ulike studentane kan skyldast, og drøfta korleis studentane sin intonasjon kan seiast å samsvara med det norske systemet.

## 2. Teoretisk bakgrunn


Som teoretisk bakgrunn for oppgåva tok eg utgangspunkt i tilnærminga som er nytta i boka *The Phonology of Norwegian*, skriven av Gjert Kristoffersen. Boka er ikkje ei innføringsbok i ein spesiell teori, men kan likevel plasserast innan rammeverket for den generative fonologien. Analysen er basert på *autosegmental teori*, sjå til dømes GUSSENHOVEN (2004: 28–29). Ein slik analyse går ut frå at melodiar kan delast opp i sekvensar som består av enkelttonar. Vidare har eg i oppgåva nytta ein analyse som tek utgangspunkt i AP-ar, aksentfrasar. Ein AP strekk seg frå ei hovudtrykkstaving fram til neste hovudtrykkstaving. Ved å ta utgangspunkt i ein analyse basert på ei inndeling i AP-ar, var eg ute etter å få språklege storleikar eg kunne samanlikna med kvarandre.

### 3. Norsk og tysk

Eg vil no gje ei kort skildring av norsk prosodi. I norsk har me to ulike tonelag. Forskjellen i desse tonelaga kjem fram i ord som inneheld ei trykksterk staving og ei eller fleire etterfølgjande trykklette stavingar. Eit ord kan då få ulik tyding alt etter tonen, eller tonerørsla på den trykksterke stavinga (SKJEKKELAND, 2005: 33). Kva består så desse tonelaga av? Norsk har eigentleg berre to tonar, *L* som står for *låg tone* og *H* som står for *høg tone*. Desse tonane er med på å danna tonelaga. Tonelaga vert igjen realiserte på ulike måtar. Eit klassisk eksempel som ofte vert bruka for å illustrera dei to tonelaga, er orda *tanken*, (*beholdaren*) tonelag 1, og *tanken*, (*det du tenker*) tonelag 2. I frå no av vil eg i teksten markera tonelag 1-ord slik: <sup>1</sup>*tanken* og tonelag 2-ord slik: <sup>2</sup>*tanken*.


<sup>1</sup>*Tanken* vil på min dialekt, jærsk, som er ein vestnorsk dialekt, verta realisert med H\*L-kontur, medan <sup>2</sup>*tanken* ville verta realisert med L\*HL-kontur. På austnorsk ville <sup>1</sup>*tanken* fått ein L\*H-kontur, og <sup>2</sup>*tanken* ein H\*LH-kontur. Merk at \* markerer aksenttonen, det vil seia den tonen som er knytta til hovudtrykkstavinga. Dette notasjonssystemet vert i denne oppgåva nytta både for tysk og for norsk. Her kan me sjå grafar eg har laga av orda <sup>1</sup>*tanken* og <sup>2</sup>*tanken* uttala av ein austlending og ein vestlending:

Figur 1




Austlending: <sup>1</sup>*tanken*

Figur 2




Vestlending: <sup>1</sup>*tanken*

Figur 3



Austlending: <sup>2</sup>tanken

Figur 4



Vestlending: <sup>2</sup>tanken

Ein kan skilja mellom såkalla høgtonedialektar og lågtonedialektar. Det er vanleg å seia at vestnorske dialektar, og då reknar ein òg med nordnorsk, har *høgtone*. Det vil seia at trykkstavinga har den høgaste tonen. Austnorske dialektar, på den andre sida, har *låg-tone*. Det vil naturleg nok seia at den trykksterke stavinga har den lågaste tonen. Beskrivinga gjeld primært ord med tonelag 1 (SKJEKKELAND, 2005: 35).

I intonasjonsspråk som engelsk og tysk er nesten all tonal informasjon postleksikalsk. Det vil seia at det musikalske i språket stort sett skjer på setnings- eller fraseplan. I eit tonespråk som mandarin er derimot nesten all tonalitet leksikalsk. Det vil seia at det musikalske i språket stort sett foregår på ordplan. I norsk skjer det ting både på setnings- eller fraseplan og på ordplan. Med andre ord skjer ein heil del av det musikalske på leksikalsk plan og ein del klart postleksikalsk. Norsk må altså plasserast i ei særstilling mellom «eigentlege» tonespråk og «eigentlege» intonasjonsspråk. Dette får følgjer for kor stort rom det er for intonasjonell variasjon i norsk, jamfør (KRISTOFFERSEN, 2000: 274): „The phrase defined by the accentual melodies, the Accent Phrase, can in fact be seen as

the basic building block from which the range of possible intonational patterns can be constructed“. Det at norsk står ein stad midt mellom tonespråk og intonasjonsspråk, gjer norsk vanskeleg å beskriva og truleg òg innlæringsmessig problematisk.

Tysk har, på same måten som norsk, to tonar: ein høg tone og ein låg tone. Dei vert òg på tysk representert ved bokstaven *H* for *høg*, (tysk *hoch*, eng. *high*) og *L* for *låg*, (tysk *tief*, eng. *low*) (PETERS, 2009: 96). I motsetnad til norsk, som har leksikalsk tonelagsmotsetnad, er tonane i tysk knytte til intonasjonen. Norsk og tysk har med andre ord dei same byggeklossane, men dei er brukte noko ulikt i dei to ulike språka. For ei meir utførleg skildring av tysk prosodi, sjå NIELSEN (2012: 16–18).

Moglegheitene for variasjon i intonasjonen i norsk er avgrensa i forhold til tysk på grunn av at me på norsk har to ulike *tonelag*. Kristoffersen seier at: „Apparently due to a need to maintain the tonal accent contrast, the freedom to assign pitch accents to stressed syllables which differentiate intonational meaning is virtually non-existent in Norwegian“ (KRISTOFFERSEN 2000, s.274). Sidan tysk ikkje har dei same restriksjonane som norsk har, kan ein kanskje tenka seg at dette kan føra til ein del variasjon i kva dei tyske informantane produserer av tonekonturar.

#### 4. Val av informantar og testmateriale

I utgangspunktet var det sju informantar frå Humboldt Universitat zu Berlin som deltok i undersokinga, men grunna omfanget av prosjektet nytta eg berre materialet fra dei fire forste informantane. Alle informantane som deltok hadde studert norsk i to semester og hadde nettopp byrja pa tredje semester. Dataa som vart samla inn, bestod av to delar. I den forste delen las studentane ein tysk tekst og vart intervjuva pa tysk. I den norske delen las studentane ein norsk tekst, eit utval norske testsetningar og vart intervjuva pa norsk. Som grunnlag for analysedelen valde eg a bruka dei om lag 60 norske testsetningane som har vorte utarbeidde med utgangspunkt i testmaterialet som vart nytta i prosjektet *Norsk tonelagstypologi*.

Prosjektet *Norsk tonelagstypologi* vart finansiert av Norges forskningsrad 2000–2002, og vart leia av Gjert Kristoffersen (Universitetet i Bergen). Ove Lorentz (Universitetet i Tromso) og Jan K. Hognestad (Universitetet i Agder) var prosjektmedarbeidarar. Malet med dette prosjektet var a kartleggja variasjon i tonelagsrealisasjon i norske dialektar. Vidare var malet a undersoka i kva for grad variasjonen lar seg avleia fra eit underliggjande system (KRISTOFFERSEN, 2009). Eg gjorde ein del endringar i dette testmaterialet, men likevel ikkje sa store endringar at ein matte utelukka all samanlikning av resultatata opp mot dei ulike norske dialektane som det allereie fanst lydopptak fra.

#### 5. Analysen av lydopptaka

Til analysen av lydopptaka nytta eg Audacity (AUDACITY TEAM, 2011) og Praat (BOERSMA & WEENINK, 2004). Lydredigeringsprogrammet Audacity vart nytta til a dela

lydopptaka inn i kortare lydfilet, før arbeidet med sjølve analysen. Det vitskapelege programmet Praat som kan nyttast til fonetisk analyse av tale, vart nytta til sjølve analysen av lydfilet. For ei utførleg skildring av analyseprosessen sjå NIELSEN (2012: 25–29).


## 6. Analyse av konturar hjå informantane – fokus på informant 1

I oppgåva vert konturar frå analysen av tonekonturane til informant 1, 2 3 og 4 utførleg presenterte kvar for seg. Vidare vert andre fenomen, som til dømes flate konturar, trykkplassering og spørjesetningar, behandla i drøftinga. Her i denne artikkelen vert store delar av analysen av informant 1 presentert:

### H\*L- KONTURAR

Fleire av dei opphavlege testorda, eller rettare sagt AP-ane desse testorda inngår i, får hjå informant 1 ein H\*L-kontur. Me skal no sjå på eit eksempel på ein slik kontur henta frå informant 1 sin uttale av setning 23. *Hun heter Hannemor Dalen*. Her kan me sjå at testordet *Hannemor*, som i norsk er eit trestavingsord med tonelag 2 og som i isolasjon dermed ville ha vorte uttala med L\*HL etter det vestnorske mønsteret og H\*LH etter det austnorske mønsteret, vert ein AP med H\*L-kontur:


Figur 5



23. (Hun heter)<sub>AP</sub> (Hannemor)<sub>AP</sub> (Dalen)<sub>AP</sub>.

Korleis er det så i dei andre setningane hjå informant 1 der testordet *Hannemor* opptre? I setning 28. *Jeg tror at Hannemor lyver*, vert testordet òg ein AP med H\*L-kontur. Det same gjeld testordet *Hannemor* i setning 31. *Hun heter Hannemor Fosse* og i setning 44. *Heter hun Hannemor Dalen?* I det siste tilfellet, setning 38. *Jeg tror at Hannemor har gått hjem*, får testordet *Hannemor* ein tilnærma flat kontur:

Figur 6




38. Jeg (tror at)<sub>AP</sub> (Hannemor)<sub>AP</sub> (har gått hjem)<sub>AP</sub>

Det vil seia at testordet *Hannemor* i fire av fem tilfelle får ein H\*L-kontur, og ein flat kontur i det siste tilfellet, noko som ikkje var forventa då eg byrja med analysen av materialet. Informant 1 har òg i materialet elles fleire flate konturar, og er den av informantane som har aller flest konturar av denne typen, men dei dukka overraskande nok opp i materialet til dei andre informantane òg. Denne typen konturar skriv eg meir om i drøftingsdelen av masteroppgåva, sjå NIELSEN (2012: 59–64).

Ser me vidare på materialet til informant 1, kan me finna fleire eksempel på H\*L-konturar. Ser me på setning 47. *Jeg tror at Peter har gått hjem*, kan me sjå at det som i utgangspunktet var testordet, altså *Peter*, eit tostavingsord med tonelag 1, vert ein del av ein AP, (*Peter har gått hjem*)<sub>AP</sub>, der heile AP-en får ein H\*L-kontur:

Figur 7




47. Jeg (tror at)<sub>AP</sub> (Peter har gått hjem)<sub>AP</sub>

Studerer me setning 3. *Jeg tror at Anne har gått hjem*, er ikkje denne så lett å analysa:



Figur 8



3. Jeg (tror at)<sub>AP</sub> (Anne)<sub>AP</sub> (har)<sub>AP</sub> (gått)<sub>AP</sub> (hjem)<sub>AP</sub>.

Vurderer eg det reint tonalt i frå sekvensen (...) «Anne har gått hjem», så pakkar informant 1 alt inn i ein H\*L-kontur, slik som var meir eller mindre tilfellet i analysen av setning 47. Jeg (tror at)<sub>AP</sub> (Peter har gått hjem)<sub>AP</sub>. Samstundes får andre delar av trykkpakken (rytme, intensitet, vokallengd) oss til å velja fleire AP-ar i analysen av setning 3. Jeg (tror at)<sub>AP</sub> (Anne)<sub>AP</sub> (har)<sub>AP</sub> (gått)<sub>AP</sub> (hjem)<sub>AP</sub>. Informanten nyttar det me kan kalla ein «trappetrinnsintonasjon». Dette kjem ikkje så godt fram dersom ein nyttar ein interpolert<sup>2</sup> graf. Slike tilfelle dukkar i fleire høve opp i analysemateriale til informant 1. Eg ser nærare på fenomenet «trappetrinnsintonasjon» i samband med funnet av dei flate konturane i drøftingsdelen til masteroppgåva, sjå NIELSEN (2012: 62–64).

### L\*H- KONTURAR


Informant 1 uttalar òg nokre av testorda med ein L\*H-kontur. Dei tydelegaste L\*H-konturane finn ein hjå informant 1 i samband med finalt plasserte testord i spørjesetningar. Spørjesetningar vert òg behandla i drøftingsdelen til masteroppgåva, sjå NIELSEN (2012: 68–73).

### L\*HL- KONTURAR

Informant 1 uttalar òg nokre av testorda med ein L\*HL-kontur. Dette gjeld nokre trestavingsord og nokre femstavingsord. Til dømes vert trestavingsordet *Valdemar* som er eit tonelag 1-ord på norsk ein AP med L\*HL-kontur i setning 11. *Heter han Valdemar Dale?*:

<sup>2</sup> At ein graf er interpolert, betyr at eg ved hjelp av analyseprogrammet Praat har framstilt samanhengande grafar sjølv om det er ustemde segment til stades. I utgangspunktet gjer interpolering av grafane det lettare å lesa grafane, men i dette tilfellet har eg fjerna interpoleringa frå grafen.

Figur 9



11. (Heter han)<sub>AP</sub> (Valdemar)<sub>AP</sub> (Dale)<sub>AP</sub>?


Etter det austnorske mønsteret skulle ordet ha vorte uttala med ein L\*H-kontur og etter det vestnorske mønsteret med ein H\*L-kontur. Ser me vidare på setningane som inneheld testordet *Valdemar*, finn me at *Valdemar* i setning 36. *Jeg tror at Valdemar lyver*, også vert ein AP med L\*HL-kontur. Det same gjeld for setning 41. *Han heter Valdemar Dale*. I setning 33. *Jeg tror at Valdemar har gått hjem* vert testordet *Valdemar* ein del av ein AP (*Valdemar har*)<sub>AP</sub>. Også denne AP-en får ein L\*HL-kontur. Testordet *Valdemar* får altså hjå informant 1 L\*HL-kontur i tre av fire tilfelle, og i det siste tilfellet vert det del av ein større AP, (*Valdemar har*)<sub>AP</sub>, med L\*HL-kontur. Testordet *karnevalene*, som er eit femstavingsord med tonelag 1 i norsk, vert òg ein AP med L\*HL-kontur hjå informant 1 i setning 56. *Jeg sa karnevalene sist uke*.

### OPPSUMMERING AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 1


Karakteristisk for informant 1 er at ho uttalar mange av testorda eller testsekvensane med ein H\*L-kontur. Heile 27 H\*L-konturar av totalt 71 analyserte konturar er å finna i samband med testorda hjå informant 1. Som nemnt finn ein òg ganske mange flate konturar, faktisk heile 25 tilfelle. Vidare finn ein òg nokre L\*H-konturar i materialet hennar. Typisk for desse L\*H-konturane er at dei oftast dukkar opp i finalt plasserte testord i spørjesetningar, dette gjeld i heile 6 av 8 tilfelle. Informant 1 har òg 11 L\*HL-konturar. Desse konturane er å finna i tre- og femstavingsord. I tillegg er det slik at det i nokre tilfelle kan vera vanskeleg å avgjera kvar AP-grensene går i materialet hennar, fordi nokre trekk dreg i retning av fleire små AP-ar med flate konturar, medan andre trekk dreg i retning av ein større AP med ein H\*L-kontur.

Det viste seg å vera litt ulike tendensar hjå informantane når det gjaldt type konturar som vart nytta. I følgjande sektordiagram kan me sjå ei prosentvis fordeling av konturane:


Figur 10  
Informant 1




Figur 11  
Informant 2



Figur 12  
Informant 1



Figur 13  
Informant 2



Desse sektordiagramma syner oss kva for konturar som er representerte i informanten sitt materiale, samstundes som det illustrerer forskjellar mellom informantane på tvers. Det er viktig å gjera merksam på at diagramma berre gjev eit visst oversyn. Ein del av konturane i analysemateriale representerer utfordringar for analysen. Blant anna er det slik at grensene for tonerørslar kan gå på tvers av ordgrensene, og såleis er talet på AP-ar ikkje likt hjå informantane. Vidare har nokre av setningane ikkje vorte analyserte fordi informantane har lese dei feil. Eksempel på feillesing som har ført til at eg ikkje har teke med setningane i materialet, er til dømes at informant 3 i setning 27. les «De tok 50 av de beste» og ikkje «De tok 15 av de beste». Talet på konturar totalt sett varierer altså for informantane. Difor valde eg å presentera konturane til informantane prosentvis.

Det gjer at me likevel kan få eit oversyn over korleis konturane fordeler seg på tvers av informantane. Som me kan sjå, er det ganske store skilnader på kva informantane gjer seg i mellom. Det er òg ein god del skilnad i dei einstilte informantane sitt materiale.

Informant 1 skil seg ut frå dei andre informantane ved at 38 % av konturane hennar er H\*L-konturar. Informant 2 og 4 har ei nokså lik fordeling av slike, informant 2 har 26 %, informant 4 har 23 %, medan informant 3 har 15 %.

I tillegg er informant 1 den som har flest flate konturar med 35 %. Informant 2 og 4 har ei nokså lik fordeling av denne typen konturar òg, informant 2 har 18 % og informant 4 har 19 %, medan informant 3 berre har 7 % flate konturar.

Informant 3 skil seg ut frå dei andre ved at 49 % av konturane er L\*H-konturar. Nok ein gong har informant 2 og 4 nokså lik fordeling, informant 2 har 32 % av denne typen kontur, informant 4 har 28 %, medan informant 1 berre har 11 %. Informant 3 er òg den som har flest L\*HL-konturar, med 29 %. Informant 2 har 24 % slike, informant 1 har 16 %, medan informant 4 berre har 8 % av denne typen kontur. Informant 4 skil seg ut med tanke på at 22 % av konturane er H\*LH-konturar. Slike konturar er ikkje å finna i det heile i materialet til dei andre tre informantane.

I germanske språk er det vanleg å markera trykk med høg tone på trykkstavinga, som deretter fell, altså H\*L, sjå til dømes HOGNESTAD (2012: 3). Med tanke på dette er det interessant å sjå på dei relativt store variasjonane i tonekonturar i materialet til informantane. På den andre sida er som sagt moglegheitene for variasjon i intonasjonen i norsk avgrensa i forhold til tysk på grunn av at me på norsk har to ulike *tonelag*, og sidan tysk ikkje har dei same restriksjonane som norsk har, kan ein kanskje tenka seg at dette kan føra til ein del variasjon i kva dei tyske informantane produserer av tonekonturar.

## 7. Forslag til forklaring på variasjon i intonasjonen hjå informantane

Den såpass store skilnaden informantane i mellom kom noko overraskande på meg. I utgangspunktet tenkte eg at det kom til å koma fram ein tydelegare tendens i materialet, og at resultatane kanskje ville tala meir i retning av ein tydeleg «typisk tysk» uttale av norsk intonasjon. Eg har i forkant lurt på om stor bruk av L\*H-konturar kunne vera eit venta resultat, fordi eg i ulike settingar har lagt merke til tyske innlærarar av norsk som har hatt stor grad av L\*H-konturar. Så er spørsmålet kvar deira store førekomst av L\*H-konturar eigentleg kjem frå. Det kan ha vore på grunn av deira tyske språkbakgrunn, eller det kan ha vore på grunn av at dei har lært norsk med utgangspunkt i austnorsk.

Kva er det så som kan ha gitt såpass stor skilnad på realisasjonen av intonasjonen hjå informantane i materialet mitt? I teoridelen vart det lagt ganske mykje vekt på det faktum at norsk og tysk er to ulike typar språk med tanke på at tysk er eit intonasjonsspråk medan norsk må plasserast mellom kategoriane tonespråk og intonasjonsspråk. Kanskje kan det faktumet at dei i tysk ikkje har ordtonar som avgrensar intonasjonen, føra til at det er variasjon i konturane til informantane? Dette er ikkje så lett å seia om faktisk er tilfellet. Sjølv om det viser seg å vera stor variasjon i materialet, er det ikkje sikkert at dette berre er grunna det faktum at tysk er eit intonasjonsspråk. At deira realisasjon

av intonasjonskonturar i norsk i større eller mindre grad likevel er prega av deira tyske språkbakgrunn, må ein uansett kunna rekna med er tilfellet.

Ein annan måte ein kan forsøka å forklara dei relativt store skilnadene til informantane på bakgrunn av deira tyske språkbakgrunn, er med fokus på deira regionalsspråklege bakgrunn. Kan hende kan regionalsspråklege variantar av tysk ha noko å seia for innlæringa av framandspråk. Informantane som eg har nytta i denne undersøkinga, kjem ikkje alle frå same stad i Tyskland. Informant 1 kjem frå Brandenburg, informant 2 kjem frå Hessen, det same gjer informant 3, medan informant 4 kjem frå Nordrhein-Westfalen. Grunna det omsynet eg har måtta ta til personvern, har stadene informantane kjem ifrå, blitt regionaliserte i denne oppgåva. Det vert difor berre oppgitt kva for Bundesland dei kjem ifrå. Som me kan sjå, er altså både informant 2 og informant 3 frå Hessen, men det ser ikkje ut til at det har hatt noko å seia for realisasjonen av intonasjon i norsk at informant 2 og 3 har nokså lik språkbakgrunn.

Kva for intonasjonsmønster som finst i dei ulike regionalsspråklege variantane og, om desse kan påverka innlærarane sin realisasjon av norsk intonasjon, er sjølvstøtt noko det kunne ha vore interessant å utforska vidare i seinare arbeid.

Av dei viktigaste faktorane som kan ha spela ei rolle for den førekomande intonasjonen til informantane når dei snakkar norsk, er nok forutan deira tyske språkbakgrunn påverknad frå kvar lærarane deira kjem i frå, og kva dialekt som vert nytta i lytteøvingar i undervisninga. Den eine læraren til informantane har trøndsk språkbakgrunn, medan den andre læraren har bakgrunn både i norsk, svensk og tysk. Dette, i samband med lydmateriale som har innslag av både austnorsk og vestnorsk (bergensk), kan ha ført til at informantane har fått mange ulike førebilete. Kan hende kan dette vera med på å skapa variasjon i korleis dei realiserer intonasjonen i norsk. Møte med språket i samanheng med til dømes radio, tv og film kan òg spela inn. Vidare kan dei ulike informantane kanskje ha overført språklege element frå andre framandspråk dei har lært. Ein endå viktigare påverknadsfaktor er nok påverknad frå vener eller familie som kjem frå Noreg. Dialekten desse venene eller familien har, vil nok vera med på å prega informantane sin realisasjon av norsk vesentleg. Det er med andre ord ein heil del faktorar som kan ha vore med på å påverka korleis informantane realiserer intonasjon i norsk. I framtidig arbeid vil det blant anna kunne vera interessant å sjå nærare på kor mykje kontakt kvar språkbrukar har hatt med målspåket utanom klassesituasjonen, til dømes gjennom vener og media.

## 8. Korleis intonasjonen til informantane samsvarar med det norske systemet slik det faktisk er

I Noreg nyttar me ulike dialektar, og me har ikkje noko standardisert talemål som til dømes i Tyskland, der «Hochdeutsch» fungerer som standard talemål. Likevel vil mange hevda at austnorsk talemål – eller bokmål med austnorsk uttale, er eit slags standard talemål i Noreg. Det vil ikkje vera riktig å bruka nemninga standard talemål i same tyding om austnorsk som om «Hochdeutsch», likevel er nok austnorsk det næraste me kan koma dette i norsk.

Som eg tidlegare har peika på, kan ein dela dei norske dialektane inn i lågtonedialektar og høgtonedialektar. Dette vert gjort på bakgrunn av tonerørsla på den trykksterke stavinga i tonelag 1-ord. Austnorske dialektar har *lågtone*, som tyder at trykkstavinga har den lågaste tonen, medan vestnorske dialektar inkludert nordnorsk har *høgtone*. Det vil seia at trykkstavinga har den høgaste tonen. Med det notasjonssystemet eg nyttar, vil det altså seia at tonelag 1-ord i austnorsk vert notert L\*H, medan tonelag 1-ord i vestnorsk vert notert H\*L. Når det gjeld tonelag 2-ord i austnorsk, vert dei notert H\*LH medan tonelag 2-ord i vestnorsk vert notert L\*HL. Dette er ei ganske grov inndeling, men eg har likevel valt denne inndelinga som samanlikningsgrunnlag. Noko anna ville vera for omfattande i denne samanhengen.

Det kan gjerne diskuterast kor vidt det har noko for seg å forsøka å plassera informantane etter mønster for norsk intonasjon, kanskje særleg i dette høvet, i og med at informantane ikkje har lært norsk særleg lenge, og sidan det er så mange moglege faktorar som kan ha vore med på å påverka dei i deira realisasjon av norsk intonasjon. Det er ikkje meininga å seia noko eksakt om kva dei eventuelt har forsøkt å etterlikna av intonasjonelle mønster frå norsk, men snarare å seia litt om kva me som høyrer informantane snakka, assosierer med deira realisasjon av intonasjon.

Når det kjem til dei fire informantane sin uttale av testsetningane, vil eg på grunnlag av det analyserte materialet påstå at det ikkje er nokon grunn til å tru at informantane på nokon måte medvete skil mellom tonelag 1- og tonelag 2-ord i norsk. Dette syner seg ved at informantane gjerne uttalar eit ord som på norsk er eit tonelag 1-ord med det som best kan tolkast som ein tonelag 2-kontur, eller eit ord som på norsk er eit tonelag 2-ord med det som best kan tolkast som ein tonelag 1-kontur.

Å seia at informantane uttalar eit tonelag 1-ord med tonelag 2 eller eit tonelag 2-ord med tonelag 1 er litt problematisk, fordi det ikkje ser ut til at informantane skil medvete mellom korleis eit tonelag 1-ord eller eit tonelag 2-ord vert realisert på austnorsk, og korleis eit tonelag 1-ord eller tonelag 2-ord vert realisert på vestnorsk.

Det er ganske krevjande for studentane å meistra ulik realisasjon av tonelag i norsk og intonasjon i tillegg. På den måten er det ikkje så rart at det dei tyske studentane gjer, avvik frå norske tonelag og norsk intonasjon slik han faktisk er. Det er ikkje vanskeleg å finna eksempel på at ord vert uttala annleis av informantane enn det ein person med norsk som morsmål ville ha forventa å høyra av ein annan person med norsk som morsmål. Interessant er det òg at eit ord som *Valdemar* som er eit tonelag 1-ord på norsk, av samtlege informantar vert uttala med det som me oppfattar som vestnorsk tonelag 2, L\*HL. Så vidt eg veit, vert dette ordet uttala med ein H\*L-kontur på tysk.

Som nemnt er det kanskje ikkje så lett å plassera informantane i forhold til norsk, og kanskje kan det diskuterast kor mykje det har for seg på eit så tidleg stadium i innlæringsprosessen. Likevel vil nokre av dei tendensane me finn tonalt sett i materialet til dei einskilde informantane, unekteleg kunna vera med på å påverka oss med tanke på korleis me oppfattar norsken deira i forhold til variantar av norsk som me er vande med å høyra. I materialet til informantane i denne undersøkinga er det litt ulik distribusjon av konturar hjå dei einskilde informantane. Hjå informant 1 var det til dømes sær mange H\*L-konturar i samband med AP-ane. H\*L-konturar er vanleg realisasjon av tonelag 1

i vestnorske dialektar. Den relativt store førekomsten av H\*L-konturar i materialet til informant 1 kan dermed vera med på å gjera at informanten sin realisasjon av norsk kan assosierast med vestnorsk. Samstundes er det slik at informant 1 ikkje berre nyttar H\*L-kontur på ord som på norsk er tonelag 1-ord, men òg på ord som på norsk eigentleg er tonelag 2-ord. Dette trekket kan vera med på å gjera at ein òg kan assosiera informanten med trekk frå nord-norsk intonasjon, i område der ein ikkje har tonelagsmotsetnad.

Informant 2 har ei relativ jamn fordeling av dei ulike typane konturar, og difor er det ikkje så lett å «plassera» ho i forhold til norsk.

Informant 3 har 47% L\*H-konturar. L\*H-konturar er som kjent vanleg realisasjon av tonelag 1-ord i austnorske dialektar. Sidan informanten produserer så mange finale høgtonar, kan det vera med på å gjera at ein assosierer informanten med trekk som er typiske for austnorsk intonasjon.

Informant 4 har 30% L\*H-konturar og 20% H\*LH-konturar. Det at informanten produserer så mange finale høgtonar, kan, på same måten som hjå informant 3, vera med på å gjera at ein assosierer informanten med trekk som er typiske for austnorsk intonasjon. I dette tilfellet har informanten både AP-ar med L\*H-kontur og AP-ar med H\*LH-kontur. Som nevnt har austnorske tonelag 1-ord L\*H-kontur medan austnorske tonelag 2-ord har H\*LH-kontur.

## 9. Samandrag:

I arbeidet med denne oppgåva fann eg at det er skilnad på kva slags intonasjonskonturar informantane produserer (L\*H-, H\*L-, L\*HL-, H\*LH- og flate konturar), og at det kan vera ulike årsaker til variasjonen i intonasjonen til informantane. Vidare fann eg tendensar i den einskilde informanten sitt materiale, samstundes som eg fann tendensar i materialet på tvers av informantane. Eit viktig funn var at det som skjer i intonasjonen hjå informantane ofte må studerast på ytringsplan og ikkje berre på AP-plan. Dette gjeld særleg i møte med dei flate konturane.

Det er vanskeleg å seia korleis det informantane gjer, korresponderer med det norske systemet slik det er, men trekk ved intonasjonen til informantane gjer at me assosierer dei med trekk frå vestnorsk/nordnorsk eller austnorsk.

Eg har i denne oppgåva teke for meg eit fagfelt som ikkje er særleg utforska. Arbeidet er på den måten eit nybrotsarbeid, og kan nok til tider kanskje bera preg av dette. Likevel er det eit arbeid som eg meiner har synt interessante funn ved intonasjon i norsk som framandspråk, og peika på visse teoretiske utfordringar i møte med eit slikt materiale.

## Kjelder:

- AUDACITY TEAM (2011): Audacity (Version 1.3.14-Beta) [Computer Program]. Henta frå <http://audacity.sourceforge.net/>  
 BOERSMA, Paul, & WEENINK, David (2004): Praat: doing phonetics by computer (Version 5.3.04)

- [Computer program]. Henta frå <http://www.fon.hum.uva.nl/praat/>
- GUSSENHOVEN, Carlos (2004): *The Phonology of Tone and Intonation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- HOGNESTAD, Jan Kristian (2012): *Tonelagsvariasjon i norsk: synkrone og diakrone aspekter, med særlig fokus på vestnorsk*. University of Agder, Kristiansand.
- KRISTOFFERSEN, Gjert (1998): Fonologi. I Torbjørn Nordgård (Red.), *Innføring i språkvitenskap* (ss. 60–131). Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- KRISTOFFERSEN, Gjert (2000): *The Phonology of Norwegian*. New York: Oxford University Press.
- KRISTOFFERSEN, Gjert (2009): Norsk tonelagstypologi. Henta 23.05, 2012, frå <http://www.uib.no/fg/forse/prosjekter/prosjektoversikt/norsk-tonelagstypologi>
- LAVÉ, John (1994): *Principles of Phonetics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- NIELSEN, Anne Jorunn (2012): *Intonasjon i norsk som framandspråk – tyske studentars realisasjon av intonasjon i norsk*. (Mastergradsavhandling, Universitetet i Agder), Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/91777/Anne>
- PETERS, Jörg (Red.) (2009): *Duden – Die Grammatik* (8. utg.). Mannheim: Bibliographisches Institut Mannheim
- SKJEKKELAND, Martin (2005): *Dialektar i Noreg: Tradisjon og fornying*. Kristiansand S: Høyskoleforlaget AS – Norwegian Academic Press.

---

**MA. Anne Jorunn Nielsen** / [atsjo\\_nielsen@hotmail.com](mailto:atsjo_nielsen@hotmail.com)

University of Stavanger, 4036 Stavanger, Norway



